



FINNÅS KRAFTLAG

*Referat frå
Ekstraordinært årsmøte
i Finnås Kraftlag SA*

Tysdag 6. desember 2022
Rubbhallen, Rubbestadneset

Styreleiar Torleiv Fylkesnes ønska medlemmane velkommen til ekstraordinært årsmøte.

Etter § 7.6 i vedtektene, er det styret som skal peika ut møteleiar. Styreleiar Torleiv Fylkesnes vart peika ut til å leia møtet.

Møtet har med lovleg frist vore kunngjort i Bømlo Nytt, på Facebook og på heimesida til Finnås Kraftlag. Alle medlemmer har motteke skriftleg innkalling via e-post og SMS. Det er sendt ut brev til medlemmer utan elektronisk kontaktinformasjon. Det er sendt ut SMS-påminning til alle medlemmer. Sakspapira har vore tilgjengelege på Kraftlaget sitt kontor og på heimesidene frå 28. november 2022.

Det møtte 80 medlemmer med til saman 101 røyster.

Sak 13 Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Innkalling og sakliste vart godkjende, og styreleiar erklærte møte for lovleg sett

Sak 14 Val av to personar til å skriva under møteboka, og val av to valobservatørar

Til å skriva under på møteboka vart Kjell Fylkesnes og Osvald Gilje valde. Arild Rolfsnes og Idar Larsen vart valde til å vera valobservatørar. Bente Steinsland vart vald til referent.

Sak 15 Tilbakebetaling næringskundar og kyrkjer

Haugaland Kraft har vedtatt å gi eit tilleggsutbytte som for Finnås Kraftlag sin del utgjer 14,4 millionar kroner.

Styret har med uro registrert at næringslivet på Bømlo slit på grunn av auka straumkostnader. Bømlo har allereie hatt sin første konkurs som følgje av ekstreme kraftprisar. Samanlikna med hushaldningar har bedriftene berre mottatt «smular» i straumstøtte. Styret finn det rimeleg at dette tilleggsutbyttet vert ført tilbake til dei som har betalt for mykje for denne vara, uttalte styreleiaren.

Styret bad administrasjonen greia ut ei sak om tilbakebetaling til næringskundar og organisasjonar som handlar straum hos Finnås Kraftlag, og som stort sett fell utanfor offentlege støtte ordningar, herunder kyrkjer.

Denne tilbakebetalingsordninga har forretningsmessig verdi for Finnås Kraftlag ved at den bidrar til å styrke omdømme, invitere til nye kundar og aukar kundelojalitet. På grunn av tiltakets størrelse har ordninga også eit element av gåve i seg. Av den grunn vert også saka lagt fram for ekstraordinært årsmøte. Tiltaket er ikkje etterbetaling/medlemsutbytte og kjem alle i denne kundegruppa til gode – også dei som ikkje er medlemmer i Finnås Kraftlag.

Styret har fått saka vurdert juridisk og uttalen frå advokat Disch var vedlagt saka og presentert for årsmøtet.

Før saka gjekk til avstemming vart ordet gitt fritt til årsmøte. Medlem John Asbjørn Innvær tok ordet og gav uttrykk for at framlegg til vedtak, etter hans vurdering, ikkje var lovleg og i tråd med samvirkelova. Han peika på at gåver til næring ikkje er å rekna som allmenntilleg og argumenterte også med at vedtak vil vera i strid med §17 og likhetsprinsippet.

Bjørn Asle Teige bad også om ordet og gav uttrykk for støtte til styrets vurdering av saka.

Saka gjekk så til avstemming og med 97 mot 1 stemme vart saka vedtatt. Årsmøte gjekk såleis inn for tilråding til vedtak:

Årsmøte gir styret fullmakt til å iverksette ei tilbakebetalingsordning for næringskundar og kyrkjer etter presenterte kriteria, men med rom for mindre endringar.

Dei som mottek tilbakebetaling må vera kunde av Finnås Kraftlag AS eller kundar overført til pliktleveranse frå Finnås Kraftlag AS.

Beløpet som kan nyttast til tilbakebetalings skal ikkje overstige 14,4 millionar kroner.

Sak 16 Støtte til lyssetting Vetahaugen

Styreleiaren presenterte saka. Markeringa av at det er 1000 år sidan innføringa av kristenretten i Noreg, er ei markering av ei hending som har hatt stor betydning for utviklinga av Noreg. Markeringa er ei nasjonal hending definert som eit riksjubileum. Dette prosjektet er felles for heile Bømlo og utpeikar seg over lang tidshorisont.

Årsmøta i Finnås Kraftlag SA har i mange år sett av store beløp til små og store prosjekta på Bømlo. Alle desse prosjekta har ikkje blitt realisert, og det har gjennom åra samla seg opp eit større beløp som ikkje er gjort krav på/betalt ut. Det er difor ikkje friske midlar styret ynskja å bruke til dette prosjektet, men allereie tidlegare avsette midlar.

Viktige moment som styret la til grunn for si tilråding:

- 1000 år – lang tidshorison og rundt tal
- Riksjubileum
- Nærmiljøanlegg
- Omdisponering av tidlegare tildelte midlar

Det kom ingen innvendingar og saka vart vedteken med akklamasjon

Vedtak:

Ekstraordinært årsmøte gir styret fullmakt til å omdisponere tidlegare avsette, ikkje utbetalte, midlar til Moster 2024 AS og Moster Grendelag. Kr. 1 000 000,- vert gitt i gåve til prosjektet med utbetring av tursti opp til Vetahaugen og lyssetting av sti og Krossen på Vetahaugen.

Midlane skal først utbetalast når prosjektet er fullfinansiert. 50% ved oppstart og 50% ved ferdigstilling.


Før møtet vart avslutta bad Gerd Nancy Notland om ordet. Ho takka hjarteleg, på vegne av Moster Grendelag og Moster 2024, for gåva til utbetring av sti og lyssetting av Vetahaugen.


Styreleiar Torleiv Fylkesnes avslutta det ekstraordinære årsmøtet med å retta ei stor takk til årsmøtet.


– Eg er stolt av å vera styreleiar i eit selskap som har eigarar som viser så stor solidaritet og samfunnsansvar, sa styreleiar Torleiv Fylkesnes. Til slutt takka han for godt frammøte og ønska alle medlemmane ei riktig God førjulstid.

Bremnes 12.12.2022

Bente Steinsland, ref.


Torleiv Fylkesnes, møteleiar


Osvald Gilje


Kjell Fylkesnes